

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.09.2016**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Gode helsetenester er avgjерande for å oppnå eit attraktivt fylke. Hordaland fylkeskommune står forslaget i prosjekt Stord sjukehus om å oppretthalda sjukehuset sin akuttfunksjon.
2. Leirvik er eit viktig regionsenter i Hordaland. Lokalisering av spesialiserte tenester og kompetansearbeidsplassar i senteret er i samsvar med vedtekne mål i regional plan for attraktive senter. Hordaland fylkeskommune står forslaget om å arbeida for desentralisering av tenester frå Haugesund sjukehus til Stord.
3. Kompetanse ved sjukehuset er ein føresetnad for at desentralisering gir gode tenester. Hordaland fylkeskommune står forslaget om at Helse Fonna arbeider for ein samla kompetanse- og forskingsstrategi for alle sjukehusa i føretaket. Kompetanse- og ressursbehovet vil auke innan helse- og omsorgssektoren. Godt samspel mellom utdanningssektoren og sjukehusa må utviklast. Fylkeskommunen sitt arbeid i regional plan for kompetanse og arbeidskraft vil vera relevant for sjukehuset.
4. Styrking av digitale tenester, forsking og innovasjon innan helsetenester er i samsvar med regionale mål. Innsyn og informasjon om tenestene ved sjukehuset bør betrast slik at produksjon, ventetid og ventelister vert lettare tilgjengeleg digitalt for brukarar og primærhelsetenesta.